

Forsand kommune

Rådmannen sitt framlegg til

Budsjett 2012

Økonomiplan 2012 – 2015



Forsand 25. okt. 2011

Innhald

• Kommenterar.....	side 5
• Økonomisk oversyn.....	side 17
• Investeringar.....	side 21
• Budsjettoversyn investering	side 23
• Driftsbudsjett	side 27
• Kommenterar frå seksjonane	side 31

Kommentarar



Framlegg til budsjett for 2012/økonomiplan 2012-15

1. Generelt

Med di ein viser til kommunelova § 45, legg ein med dette fram budsjettforslag for Forsand kommune for 2012.

Kommunestyret skal vedta budsjettet samstundes med at det i medhald av skattelova § 139, gjer vedtak om skattelegging.

Budsjettet bygger elles på innhenta framlegg frå dei ymse sektorar, råd og styrer, samt tidl. økonomiplan for 2011-2014.

Det er i samsvar med føresegnene laga eit kapitalbudsjett og eit driftsbudsjett, kor kapitalbudsjettet viser investeringane og finansieringa av desse.

KOSTRA

Frå statleg hald er det frå 010101 lagt opp til eit nytt budsjettoppsett som er kalla KOSTRA. KOSTRA betyr: **K**ommune **S**tat **R**appoteringssystem.

Bakgrunnen for innføring av dette systemet, er følgjande:

- betre informasjonsflytten mellom kommune – stat
- få samanlikningstal for dei einskilde kommunane
- betre oversyn over kommunen sine tenesteytingar og ressursbruk

2. Vedtak om skattelegging og budsjett.

Av rundskriv frå kommunal- og arbeidsdepartementet går det fram at skattdirektoratet har sett fristen for kommunestyret til å gjera vedtak om forskot på skatt for inntektsåret 2012 til 20.12.11.

3. Føresetnad for reell budsjettering

I følgje kommunelova § 46, skal budsjettet vere ein plan for kommunen sine utgifter og inntekter i budsjettåret. Alle pårekna inntekter og utgifter skal vere med og budsjettet skal settast opp i balanse.

Det vedtekne budsjettet er bindande for kommunale myndigheiter sin forvaltning i budsjettåret.

Det vert vidare lagt til grunn at:

- budsjettet skal haldast innanfor ei forsvarleg økonomisk totalramme.
- låneskulda skal haldast på eit forsvarleg nivå. Låneopptaka må ikkje overstige det kommunen vil makte å forrente og amortisere i tillegg til dei auka driftsutgiftene investeringane vil føre med seg.
- det må ikkje forskotterast meir av kontantmidlane enn omsynet til forsvarleg likviditet til ei kvar tid tilseier.

Det er kommunen sjølv, og då først og fremst formannskapet og kommunestyret som har hovudansvaret for å halde verksemda innanfor ramma av dei kommunale ressursane som kan påreknast.

Dei kommunale seksjonane, utval og råd, deler og dette ansvaret. Det er difor viktig for alle parter å følgje utviklinga gjennom året og gripe inn om det er naudsynt.

4. Økonomisk opplegg frå regjeringa

Vekst i samla inntekter.

I kommuneproposisjonen for 2012, legg regjeringa opp til realvekst i kommunesektorens samla inntekter på mellom 5 og 6 milliardar kroner.

Realvekst i kommunesektoren sine frie inntekter i 2012 er berekna til mellom 3 ¼ og 4 ¼ .

I samband med samhandlingsreforma skal det overførast om lag 5 milliardar kroner til kommunane frå dei regionale helseføretaka.

Inntektssystemet

Regjeringa sitt framlegg til endringar i revidert nasjonalbudsjett 2011 vart vedteke i Stortinget 17. juni 2011.

Av endringane kan ein nemne kompensasjon på 88. mill.kr. som følgje av reduserte skatteinntekter i samband med endringar i pensjonsskattereglane. Innbyggjartilskotet vert auka med 23,5 mill.kr. i samband med at utbygginga i barnehagesektoren har vore sterkare enn forventa. Vidare kompensasjon for samhandlingsreforma.

5. Kommunen sin økonomi

Kommunen sin økonomi har blitt noko svekka i dei siste åra. Dette skuldast at utgiftene, med relativt gode lønsoppgjær, vedlikehald av kommunale eigedomar og fleire tunge brukarar innan helse- og skulevesenet, har auka vesentleg medan inntektene har ikkje hatt same utvikling. M.a. har eigedomsskatten på eksisterande kraftverk til dels stagnert på grunn av eit stortingsvedtak som seiar at når ein har kome til eit skattemessig tak, har kommunane ikkje anledning å ta ut meir eigedomsskatt frå objektet. Dette betyr at staten og eigarane av kraftverket får del i denne meirauken som kommunane skulle hatt. LVK har tatt opp dette spørsmålet og vil prøva å få endra dette stortingsvedtaket.

I statsbudsjettet for 2012 har regjeringa rådd til at maksimumsverdien vert endra med 5% frå 2,35 kr/kWh til 2,47 kr/kWh. Vidare at kapitaliseringsrenta vert sett til 4,5%. For året 2013 er det foreslått ytterlegare auke i maksimumsverdien på 11%. Kva det betyr for Forsand kommune er

vanskeleg å berekna på noverande tidspunkt, men ein kan truleg minst rekne med om lag 1. mill. kr. meir i 2012 og ytterlegare 2 til 3 mill. kr. meir i eigedomsskatt i 2013. Eksakte tal må ein koma attende til når desse ligg føre.

Kommunen har relativ høg lånegjeld i dag og planlegg fleire store investeringsprosjekt som skal lånefinansierast. Ei forventet auke i renteutgiftene vil føre til at den kommunale handlefridom vil bli vesentleg svekka. Eit sammøte med formannskapet og administrasjonen tidlegare har ført til at rådmannen skal leggja fram ymse modellar for låneopptak i framtida i samband med budsjettbehandlinga. I budsjett/økonomiplanen for 2012-2015 har rådmannen nedjustert investeringar med låneopptak.

Nettodriftsbudsjetttrammene bygg på tidlegare vedteken økonomiplan 2011-2014 og er justert for løns- og prissauke på h.h.v. 4% og 2%.

For å oppretthalde dagens nivå i dei kommunale tilboda, er det nødvendig med ekstraordinære inntekter. I dag hentar kommunen ut 3. mill.kr. frå Forsand Elverk. Rådmannen har i budsjettframlegget for 2012, ikkje rådd til at kommunen stiller krav om ytterlegare utbytte no.

Eit eventuelt utbytte blir utbetalt i slutten av 2012.

Det framlagde driftsbudsjett er gjort opp med eit bruttodriftsresultat på kr 4.048.000,- i 2012..

Bruttodriftsresultatet kjem fram etter at skattar, rammetilskot (inkl. momsref.) og andre inntektsposter er inntektsført med kr 154.734.000,- og driftsutgiftene er utgiftsført med kr. 150.686.000,-.

Renter/avkastningar, avdrag, utbytte frå Elverket og avskrivningar er ikkje medtekne her.

Nettodriftsresultatet er i 2012 berekna til kr. 4.444.000,- eller 2,9 % i høve til driftsinntektene. Fylkesmannen har som mål 3% for kommunesektoren. Altså ligg ein så å seie i samsvar med Fylkesmannen sitt mål.

Slik det ser ut idag, vil kommunen i 2012 komme litt betre ut enn for 2011 når det gjeld frie inntekter. Ein får ein auke med 5% i høve 2011-budsjettet når det gjeld skatt og rammetilskot (eigedomsskatt er ikkje med i desse tala). For 2012 er skatt på formue og inntekt, berekna til 42,2 mill.kr. (41,4 mill.kr. i 2011-budsjettet). Ein presiserar at desse prognosane er usikre.

Eigedomsskatten er berekna for 2012-budsjettet til 38,8 mill. kr. som er ein auke på om lag 2. mill.kr. i høve 2011.

Rådmannen viser til tidlegare merknad om justering av tak for eigedomsskatt på verk og bruk.

Rammetilskotet for 2012 er i sett til kr 36.393.000,- og det er ein auke på omlag 3.mill.kr. frå 2011. Desse prognosane er og usikre i og med at endelege tal for rammetilskotet 2012 blir fordelt i februar 2013 avhengig av inntektsutjamninga som vert berekna fortløpande i 2012. I rammetilskotet er innlemma eit kompensasjonstilskot til samhandlingsreformen på om lag 1,3 mill.kr. Det er usikkert kva denne reformen vil seie økonomisk for kommunen, men det er under utgreiing fleire modellar. Dette vil ein komme attende til i eit seinare kommunestyre. Det er avsett 1,3 mill.kr. i samband med reformen i budsjettet for 2012. Vidare er det lagt inn midlar i samband med overgangsordningar (INGAR frå 2009) på om lag 2,5 mill.kr. i 2012.

Moms-kompensasjon er for 2012 berekna til 6.5. mill. kr. Frå og med 2010 blei denne refusjonen overført med 20% til investeringsbudsjettet og vidare med ytterlegare 20% dei resterande åra til

heile momskompensasjonen er ført på investeringsbudsjettet. Desse midlane gjekk som inntekt til driftsbudsjettet, men skal no først i investeringsbudsjettet.

Kommunale tenester/avgifter som ikkje er regulert på annan måte, er auka med 3,5%. Jmfr. særskilt vedtak om justering av avgiftene.

Kommunen sin lånegjeld

Renter og avdrag på løpande lån utgjer i 2012 h.h.v. kr. 4.408.000,- og kr. 3.941.000 -, til saman kr. 8.349.000,-. I desse beløp ligg kapitalkostnader til næringsbygg/infrastruktur som skal dekkast av kraftfondet, jfr. tidl. vedtak i kommunestyret. Av nye lån som er planlagt tatt opp i 2012-2015 kan ein nemna ny prestebustad og omsorgs- og avlastningsbustader. Pr 31.12.12 vil lånegjelda utgjere om lag 110. mill.kr. (inkl. startlån på om lag 15. mill. kr).

Renteinntekter, avkastning og eigarutbytte (El-verket) er berekna til kr. 8.805.000,- i 2012.

Det er rekna med å ta opp nye lån i 2012 for inntil 5. mill.kr. Dette gjeld rehabilitering/ny prestebustad. I tillegg kan det være aktuelt å ta opp eit startlån (formidlingslån) frå husbanken.

6. Nybygg og anlegg.

Totalt er det rekna med ei investeringsramme på kr. 18.050.000,- i 2012. I økonomiplanperioden 2012-15, er det rekna å investera kr. 53.270.000,-.

Investeringane i 2012 er vist på eige investeringsbudsjett (økonomiplanen) og er tenkt finansiert slik:

Drift	2.250.000,-
Disposisjonsfond/ub.fond	4.250.000,-
Kapitalfond	4.144.000,-
Lån	5.000.000,-
Vegfond	100.000,-
Kraftfond	1.150.000,-
Statleg tilskot	1.156.000,-
Samla investering	18.050.000,-

7. Driftsbudsjettet

Det er framleis usikkert kor mykje inntekter kommunen vil få i skattar frå kraftverka. Variablar som nedbørmengder, omsetning osv. vil i stor grad avgjere inntektene for kommunen.

Kraftkommunar er heile tida utsett frå økonomisk press frå fleire hald, både politisk og frå kraftprodusentane.

Nettodriftsbudsjettet på kvar seksjon bygger på tidlegare rammer justert for løns- og prisauke, evt.nye tiltak/politiske innspel i løpet av 2011.

Ein vil i det vidare gå igjennom dei største endringar/justeringar i driftsbudsjettet og tiltak som krev særskilt vedtak.

Seksjonsleiarane har halde seg innanfor dei nettodriftsrammar som vart gitt.

Rådmannen viser elles til seksjonsleiarane sine budsjettkommentarar i eige vedlegg, der det er kommentert ynskja tiltak som ikkje er tatt med i budsjettframlegget frå rådmannen.

A. Forsand Søkneråd

Iflg. Lov om Den Norske Kyrkja, skal kommunane yte tilskot til drift av kyrkjegarder, kyrkjekontor. For 2012 er tilskotet på 2.339.000,- inkl. løns- og prisauke.

B. Revisjon/kontroll

I samsvar med tilråding frå kontrollutvalet, er det ført opp eit samla budsjett på kr. 705.000,- inkl. m.v.a. for kontroll og tilsyn i 2012.

C. Rådmannskontoret

Ordførargodtgjersla er ført opp tilsvarende heil stilling og vert løna i samsvar med 85% av stortingsrepresentantane si løn. Jmfr. k.sak. nr.46/11.

På bakgrunn av dei erfaringane ein hadde med delt stilling som næringsansvarleg/teknisk leiar, vil ein halde fram med kombinasjonen (plan- og utviklingssjef). Ein vil samstundes styrka sakshandsaming innan plan- og næringssaker ved å tilføre ressursar frå Personalkontoret (personalrådgjevar i 40% stilling).

Vidare vil ein m.a. styrke og utvikle områda e-faktura og innkjøp.

For 2012 tek ein sikte på å oppgradere Office-programma til 2010 versjon. Dette gjer ein ved å lease programmet for 3 år.

D. Seksjon for Kultur

Kulturbudsjett for 2010 er nokolunde i samsvar med føregåande år. Utover budsjetttramman for 2012 er det frå kulturseksjonen eit sterkt ynskje å utvide stillinga som fritidskontakt for barn og unge frå 30% til 50%, m.a. for å ivareta funksjonen som SLT-koordinator på ein betre måte.

I tillegg har kulturleiar sine kommentarar peikt på ein del andre aktuelle tiltak innan kulturseksjonen som det ikkje pr. i dag finns midlar til. Jmfr. vedlagte kommentarar.

E. Seksjon for Helse- og sosial

Helse og Sosialseksjonen har i sine budsjettkommentarar peikt på stort behov for halv sekretærstilling for funksjonshemma. I dag har ein ei halv stilling som sekretær på helse- og sosialkontoret (NAV). Vedkomande som innehar denne stillinga har fram til 2012 og vært svangerskapsvikar i halv stilling ved NAV. Innehavar av stillinga har rett på heil stilling i kommunen, og frå 2012 har ein løyst dette ved å nytte ekstraressursar frå personal (20%) og IT-koordinator (30%).

Det vert vidare vist til usikkerheit når det gjeld utgifter til barnevern. Det er vanskeleg å budsjettere eksakte beløp til slike tiltak.

ATO+avlastning er og områder som krev meir og meir ressursar.

Det vart oppretta ny heimel på inntil 80% som lege i 2011. Helse- og sosialseksjonen har bedt om å utvida ei stilling på 20% sjukepleiar på legekantoret. Rådmannen har ikkje lagt opp til dette i budsjettet, men det ligg inne ein del ekstra midlar til vikariat. I fall det skal opprettast ein 20% stilling som sjukepleiar, må det fremjast ei eiga sak om det.

Rådmannen viser elles til budsjettkommentarane frå Leiar av Helse og sosial.

F. Seksjon for Barnehage

Leiar for barnehageseksjonen, har i sine budsjettkommentarar opplyst at vikarutgiftane er i det knappaste laget og det hadde vore behov for å auka ramma med kr. 100.000,-.

Vidare at det er behov for fornying av inventar og utstyr utover ramma med kr. 50.000,-.

G. Seksjon for Skule

I sine budsjettkommentarar, har leiar for seksjon skule opplyst at det er innført valfag for ungdomsskulen (8. klasse) og vil komme tilbake med ei eiga sak til kommunestyret når det ligg føre fleire fakta.

Det vert vidare opplyst at ATO-ordninga vil få auka utgifter grunna fleire elevar og desse utgiftene er innarbeidd i ramma for seksjonen.

Rådmannen viser elles til leiar for skuleseksjonen sine kommentarar.

H. Seksjon for Pleie- og omsorg

Leiar for PLO har i sitt budsjettframlegg for 2012 ikkje lagt opp til nye stillingar eller andre ekstraordinære tiltak ved seksjonen. Viser elles til seksjonsleiar sine budsjettkommentarar m.a. om samhandlingsreforma.

I. Seksjon for drift

Som tidlegare nemnt vil ein halde fram på permanent basis stillingskombinasjonen teknisk leiar/næringsansvarleg (plan- og utviklingssjef). I tillegg styrkjer ein kart/geodatafunksjonen ved å tilsetja i ei ny stilling innan desse områda. Ved å kombinera teknisk leiar/næringsansvarleg, vil ein ikkje auka stillingsrammene i kommunen.

I budsjettkommentarane, peikar teknisk leiar på at det er eit etterslep på vedlikehald av kommunale bygg og anlegg. Vidare at stramme rammar medfører at ein og vil få eit etterslep på asfaltering av kommunale vegar.

Formannskapet har i møte 19.10.2011 drøfta ein langsiktig strategi både når det gjeld vedlikehald og investering.

8. Investeringsbudsjettet

Det er gjort framlegg om å investera for kr. 18.050.000,- i 2012 og kr. 53.270.000,- samla i perioden fram til 2015.

Rådmannen viser elles til kommentarar og aktuelle nye prosjekt som er ynskja av seksjonane, men ikkje er tatt med av rådmannen. T.d. utbygging av kyrkja, investeringar i brannmateriell, VA plan, flytting av idrettsplass, utbygging skule m.m. Dette er tunge investeringar som ein ikkje kan sjå at ein har rå til i planperioden utan at det vil gå utover tenestetilbodet i kommunen. Kommunen bør vurdere dette i eit langsiktig perspektiv.

Nedanfor viser ein kva tiltak som er tatt med i budsjett /økonomiplan 2012-2015:

- Det er avsett 1,2 mill.kr. til EDB-maskiner, programvare m.v. Det er same beløp som i 2011.
- Berbare datamaskiner til elevar i ungdomsskulen er vidareført i planperioden.
- Det var ført opp midlar til rehabilitering vegg på Forsandheimen i 2011. Arbeidet er sett i bestilling, men vert truleg ikkje ferdig i 2011, slik at det er overført midlar til 2012.
- Naudstrømsanlegg er som i tidl øk.plan ført opp i 2013.
- I gjeldande økonomiplan, var det avsett 60. mill.kr. til omsorgsbustader i 2011-13. Rådmannen viser til at ei tverrfagleg gruppe har sett på ei rimelegare løysing m.a. ombygging

av Forsandheimen. På denne bakgrunn har Rådmannen foreslått ei redusert utbygging med 10. mill.kr. i 2013 og 10. mill. kr. i 2014. Dette er ein sak som kjem attende til kommunestyret.

- For 2013 er det ført opp 2. mill.kr til sosialbustad.
- Det er ført opp midlar til tiltak i Lysebotn for heile økonomiplanperioden. Ein del av desse midlane skal gå til opprusting og vedlikehald av kapellet, jmf. tidl. kommunestyrevedtak.
- I budsjettet for 2011, var det ført opp midlar til gateadresser/skilting. Dette arbeidet er blitt forsinka og midlane er overført til 2012.
- Midlar til ballbinge for Forsand sentrum, var avsett i 2011. Av ymse årsaker har plasseringsalternativet tatt noko tid. Noverande alternativ går ut på at ballbingen skal byggjast i Ryggiaskaret og det er ført opp midlar i 2012.
- Det var avsett midlar til naudsynt utbetring av avlaup i Myra industriområde i 2011. Dette har ikkje blitt utført 2011 p.g.a. forsinka planarbeid. Midlane er overført til 2012.
- Det var sett av midlar til sykkelsti skulen/Rettedal i 2011. Dette tiltaket blir truleg ikkje igangsett i 2011 og midlane vert dermed overført til 2012.
- Naudsynte nye tiltak på Kulturhuset, t.d. brannsikring, er i samsvar med økonomiplanen ført opp med 1.500.000 kr. i 2013.
- Det var ført opp midlar til reinseanlegg på Øyren i 2011. Ved utbygging av planlagt bustadfelt, hotell og leiligheiter i Forsand sentrum, vil kapasiteten bli for liten. Då planarbeidet har tatt lengre tid, er midlane ført over til 2012.
- For 2012 og 2013 er det i økonomiplanen ført opp midlar til forbyggingstiltak mot legionella i kommunale dusjanlegg.
- I samsvar med økonomiplanen, er det ført opp midlar til Elbil i 2013.
- For 2011 var det ført opp midlar til mottak av biovarme ved kulturhuset. Kommunen har bedt den aktuelle leverandøren om det framleis er aktuelt å levere biovarme til kulturhuset, men har ennå ikkje fått noko svar. I påvente av svar, er avsatte midlar overført til 2012.
- Det er ført opp midlar til oppdatering av Geodata i 2012-14. Dette er i samsvar med øk.planen.
- Vidare er det i samsvar med økonomiplanen, ført opp midlar til parkeringsplassar i Bergekleiva i 2012-13.
- I økonomiplanen, var det avsett midlar til uteareal/trafikksikring ved Forsand skule i 2011 og 2012. Desse planane har blitt noko forsinka, men ein reknar med oppstart i 2011 og ferdiggjering i 2012 som planlagt og innanfor den budsjetterte sum på 1. mill. kr.
- Det er ført opp midlar til avsug i sløydrom på skulen i 2012 i samsvar med økonomiplanen.
- I samsvar med økonomiplanen er det ført opp midlar til ombygging/helsetenester på Forsandheimen. Dette er tiltak som må gjerast etter ein har gjennomført vernerunde.
- I 2014 er det ført opp midlar til nytt låssystem i kommunehuset. Dette er i samsvar med økonomiplanen.

- I samsvar med økonomiplan, er det ført opp midlar til rehabilitering av garderobane ved kulturhuset i 2013-14.
- Det er ført opp midlar til endring av vegtraseen i Forsandhagen p.g.a. rasfare. Midlane er ført opp i 2012 og i samsvar med økonomiplanen.
- I 2012 er det i samsvar med økonomiplanen, ført opp midlar til sentrumsutvikling på Øyren.
- Det var ført opp kr. midlar for å gjere Tørrejuvet meir tilgjengeleg i 2011-12. Dette arbeidet er blitt utsett. Midlane frå 2011 er overført til 2012.
- I samsvar med økonomiplanen, er det ført opp midlar til sti Bergekleiva-Bergevik i 2013.
- Det er ført opp midlar til å utbetre lekkasje på skulen i 2012.
- For å oppgradere og utbetre Bakken gard, er det ført opp kr. 200.000,- i 2012.
- Teknisk seksjon har behov for lagerplass til sand m.v. og det er ført opp midlar til eit lagerbygg i 2013.
- Stengekranane i kommunale vasskummer, må utskiftast og det er avsett midlar i planperioden.
- Det er avsett midlar for utbetring av varmeveksler i Kulturhuset i 2012.
- Prestebustaden er i dårleg stand og det er ført opp midlar til ny i 2012.
- I 2015 er det avsett 3,5 mill.kr. i oppgradering vedlikehald kommunale bygg.

9. Forvaltning av midlar

Kommunen sine midlar i pengemarknaden, utgjer idag om lag 90. mill. kr i marknadsverdi. 2011 har ein vert eit svært turbulent år innan kapitalmarknaden.

Det har ikkje vore aktuelt å realisera midlane med tap då kommunen har ein langsiktig strategi for pengeplassering. Ein følgjer marknaden nøye og det kan vere aktuelt å realisere midlar om rentene vert auka og nytte desse til investering. I dag sitt ein att med større utbytte enn ein ville hatt ved ordinær renteplassering.

10. Skattar og avsetningar m.m.

Det er budsjettert med kr.42.231.000,- i skatt på formue og inntekt for 2012. Dette er ein auke på om lag 0,8 mill kr. i høve budsjettet for 2011. Etter Rådmannen sin vurdering er desse prognosane svært usikre og ein må nøye vurdere skatteinntektene gjennom budsjettåret 2012.

Eigedomsskatten er sett til 38,8. mill.kr. i 2012. Dette er om lag 2 mill.kr. meir enn i 2011. Rådmannen viser her til tidlegare merknad om eigedomsskatten.

Konsesjonsavgifta på om lag 7. mill.kr. årleg, blir avsett til kraftfondet.

Budsjett og skattelegging for 2012


Med bakgrunn i kommentarane og budsjettframlegget rår rådmannen formannskapet gjera slik

TILRÅDING TIL VEDTAK:

1. Forsand kommune sitt budsjett for 2012, vert godkjent slik det ligg føre.
2. Skatt for 2012 vert å skrive ut med høgaste tillete proSENTSATS på inntekt og 10%o på formue.

I medhald av eigedomsskatteloven §§ 3 og 4 blir utskriving av eigedomsskatt på Verk og bruk med kr. 7,- pr kr. 1.000,- av skatteverdet, vidareført i 2012.

Forsand rådmannskontor, 24. oktober 2011


Terje Nysted
-rådmann-

Økonomisk oversyn

BUDSJETTOVERSYN DRIFTSDEL 2012-2015

Sektor	2012	2013	2014	2015
Sentraladm	17 192	17 192	17 192	17 192
Kultur	3 522	3 522	3 522	3 522
Helse- og sosial	25 335	25 335	25 335	25 335
Barnehage	9 734	9 734	9 734	9 734
Skule	23 752	23 752	23 752	23 752
PLO	21 354	21 354	21 354	21 354
Teknisk	20 491	20 491	20 491	20 491
Sum nettorammer	121 380	121 380	121 380	121 380
Skatt	42 231	42 231	42 231	42 231
Eigedomsskatt	38 766	40 766	40 766	40 766
Konsesjon	9 125	9 125	9 125	9 125
Rammetilskot	36 939	34 504	34 555	34 658
Driftsinntekter	27 673	27 673	27 673	27 673
Sum driftsinntekter	154 734	154 299	154 350	154 453
Sum driftsutgifter	(150 686)	(150 686)	(150 686)	(150 686)
Brutto driftsresultat	4 048	3 613	3 664	3 767
Renteutgifter oa finansutg	(4 408)	(5 176)	(6 166)	(6 668)
Utlån	(60)	(60)	(60)	(60)
Renteinntekter	5 765	5 765	5 765	5 765
Motatte avdrag på utlån	40	40	40	40
Utbytte Eilverk	3 000	3 000	3 000	3 000
Netto renter/utbytte	4 337	3 569	2 579	2 077
Adrag på lån	(3 941)	(4 109)	(4 500)	(4 784)
Netto finansposter	396	(540)	(1 921)	(2 707)
Netto driftsresultat	4 444	3 073	1 743	1 060
Frå drift til investering	(2 250)			
Avsetning	(2 289)			
Bruk av avsetning	95			
Regnsk mer-/mindreforbruk	-			

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT 2012

Rådmannens forslag 251011

	Regnskap 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012
Driftsinntekter			
Brukerbetalinger	4 097	4 664	4 056
Andre salgs- og leieinntekter	6 439	6 153	6 092
Overføringer med krav til motytelse	22 836	12 695	14 162
Rammetilskudd	20 503	33 873	36 939
Andre statlige overføringer	5 650	3 542	3 112
Andre overføringer	987	376	251
Skatt på inntekt og formue	42 317	41 444	42 231
Eiendomsskatt	36 595	36 824	38 766
Andre direkte og indirekte skatter	9 108	9 125	9 125
Sum driftsinntekter	148 531	148 696	154 734
Driftsutgifter			
Lønnsutgifter	72 984	76 519	81 424
Sosiale utgifter	18 279	24 380	26 270
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	24 065	24 999	28 094
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	16 872	13 222	13 258
Overføringer	16 416	8 599	5 783
Avskrivninger	8 925	-	-
Fordelte utgifter	-2 867	-3 048	-4 143
Sum driftsutgifter	154 674	144 671	150 686
Brutto driftsresultat	-6 143	4 025	4 048
Finansinntekter			
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	5 716	8 200	7 650
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	13 725	1 115	1 115
Mottatte avdrag på utlån	127	40	40
Sum eksterne finansinntekter	19 568	9 355	8 805
Finansutgifter			
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	3 191	3 887	4 408
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	60	-	-
Avdragsutgifter	3 157	4 620	3 941
Utlån	70	60	60
Sum eksterne finansutgifter	6 479	8 567	8 409
Resultat eksterne finanstransaksjoner	13 089	788	396
Motpost avskrivninger	8 925	-	-
Netto driftsresultat	15 872	4 813	4 444
Interne finanstransaksjoner			
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	7 779	-	-
Bruk av disposisjonsfond	3 843	787	95
Bruk av bundne fond	2 297	-	-
Bruk av likviditetsreserve	-	-	-
Sum bruk av avsetninger	13 920	787	95
Overført til investeringsregnskapet	2 985	2 585	2 250
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	-	-	-
Avsetninger til disposisjonsfond	21 638	1 599	142
Avsetninger til bundne fond	642	1 416	2 147
Avsetninger til likviditetsreserven	-	-	-
Sum avsetninger	25 266	5 600	4 539
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	4 526	-	-

Investeringar

BUDSJETTOVERSYN INVESTERING 2012 - 2015

Sektor	2012	2013	2014	2015
Sentraladm	1 200	250	200	
Kultur				
Helse- og sosial				
Barnehage				
Skule	250	250	250	250
PL0				
Teknisk	16 600	16 320	13 950	3 750
Sum finansieringsbehov	18 050	16 820	14 400	4 000
Finansiert slik:				
Bruk av lån	5 000	12 000	13 500	3 500
Egenkapital av årets drift	2 250	400	150	150
Statlig tilskudd	1 156			
Bruk av avsetning	9 644	4 420	750	350
Sum finansiering	18 050	16 820	14 400	4 000
Bruk av avsetning:				
Krafffond	1 150	750	-	-
Kapitalfond	4 144	2 400	-	-
Vegfond	100	100	100	100
Disp fond	4 250	1 170	650	250
Sum	9 644	4 420	750	350
Lån pr 0101	109 754	109 952	115 013	123 330
Nye lån	5 000	12 000	13 500	3 500
Avdrag drift	3 941	4 109	4 500	4 784
Avdrag investering	942	830	683	802
Renter	4 398	5 176	6 166	6 668

INVESTTERINGSBUDSJETT MED FINANSIERING 2012-2015 FORSAND KOMMUNE

Rådmannens forslag 251011

PROS	PROSJEKTETS NAVN	SUM INVEST	2012	2013	2014	2015	FINANSIERING
4	EDB-maskinar, programvare	1 200	1 200	250	250	250	Frå drift
BPC	Bærbær PC til elevar	1 000	250	520	250	250	Disp.fond
A4	Nødstraumsaggregat	520	950	10 000	10 000	10 000	Disp.fond
A10	Rehab teglvegg Forsandheimen	950	2 000	2 000	2 000	2 000	Kapitalfond
OMS	Omsorgsboligar	20 000	400	100	100	100	Lån
SBU	Sosial bustad	2 000	500	700	700	700	Lån
.5	Lysebotn midler disp for ev tiltak	400	400	400	400	400	Vegfond 50' kyrkja
ADR	Gateadresser	500	700	400	2 000	2 000	Disp.fond
A6	Bailbinge,	700	400	1 500	1 500	1 500	Frå drift /tilskot 200
.19	Avlaup, nødvendig utbedr iht regelverk	400	2 000	1 500	250	250	Disp.fond
SYK	Sykelsti skulen/Rittedal	2 000	1 500	300	200	200	Kapf/statlig tilskudd 956
KUL	Tiltak kulturhus	1 500	300	200	200	200	Kapitalfond
RØY	Renseanlegg Øyren	1 500	250	300	200	200	Kapitalfond
ELB	Elbil	250	300	600	300	300	Kapitalfond
BIO	Kulturhus - mottak av biovarme	300	600	300	200	200	Kraftfond
GD	Geovekst oppdatering	600	300	800	250	250	Kraftfond
BPP	Bergekleiva - parkeringsplass	300	800	1 250	750	750	Disp fond
SUT	Skulen - uteareal /traffiksikring	800	250	1 250	350	350	Disp fond
SSA	Skulen - sløydrom avsug	250	1 250	300	300	300	Disp fond
121	Forsandheimen - ombygging/helsejenester	1 250	750	500	500	500	Kapitalfond300/lån3500
LAS	Kommunehus - nytt låsesystem	200	350	500	500	500	Disp fond
GAR	Kulturhus - garderobbar symjehall	3 800	500	500	500	500	Kraftfond
VFH	Endring vegtrassè Fossanhagen	750	350	500	600	600	Kraftfond
ØSU	Øyren sentrumsutvikling	500	1 000	100	100	100	Kraftfond
TJU	Tørrejuvet	350	100	200	200	200	Kapitalfond
STI	Sti Bergekleiva - Bergevik	500	200	250	150	150	Frå drift
ODU	Opprusting dusjanlegg legionella	1 000	600	250	150	150	Frå drift
SUL	Skulen - utbetring lekkasje	100	150	100	5 000	5 000	Frå drift
BGL	Bakken gard - utbetring lekkasje	200	5 000	3 500	3 500	3 500	Lån
LT1	Lagerplass teknisk	250	3 500	3 500	3 500	3 500	Lån
SVK	Stengekraner i vasskummar	600	100	100	100	100	Lån
KUV	Kulturhus - utbetring varmeveksler	100	5 000	3 500	3 500	3 500	Lån
PBU	Prestebustad	5 000	3 500	3 500	3 500	3 500	Lån
KB2	Oppgrad/rehabilitering kommunale bygg	3 500	3 500	3 500	3 500	3 500	Lån
	SUM INVESTERING	53 270	18 050	16 820	14 400	4 000	

Driftsbudsjett



Driftsbudsjett 2012

29

1 Forsand kommune (2012) - År/Periode 2012 1 - 12

24.10.2011

	Regnskap 2010	Buds(end) 2011	Forslag pr 22 2012/V:22
Grp. Ansvar: 800 SENTALADM.			
105 ORGANISASJONSSJEF	4.878	5.176	5.360
110 POLITISK SEKRETÆR	2.780	3.496	3.512
120 ELDRERÅD	14	0	0
130 NÆRING	1.330	0	0
140 PERSONAL	3.116	3.040	3.255
150 ØKONOMI	2.694	2.603	2.700
195 LEIAR SERVICETORGET	2.117	2.318	2.355
Sum grp. Ansvar: 800 SENTALADM.	16.927	16.633	17.182
Grp. Ansvar: 801 KULTUR			
210 KULTUR	1.728	1.686	1.794
211 AKTIVITETSSENTER	650	573	543
213 KAFE MULEN	277	283	283
214 BIBLIOTEKET	779	858	902
Sum grp. Ansvar: 801 KULTUR	3.432	3.400	3.522
Grp. Ansvar: 802 HELSE-&SOSIAL			
220 SOSIAKONTOR	2.183	2.763	2.866
221 LEGETENESTE	2.064	1.701	2.030
222 HELSESTASJON	1.135	1.047	1.105
223 PSYKISK HELSEVERN	1.551	1.578	1.671
224 SOSIALTENESTE	948	1.368	1.305
225 BARNEVERN	4.656	3.837	5.316
226 Omsorgsbustad	2.708	3.240	3.153
227 Avdeling funksjonshemma	6.226	6.967	7.889
Sum grp. Ansvar: 802 HELSE-&SOSIAL	21.472	22.501	25.335
Grp. Ansvar: 803 BARNEHAGE			
230 BARNEHAGE	3.945	8.947	9.750
Sum grp. Ansvar: 803 BARNEHAGE	3.945	8.947	9.750
Grp. Ansvar: 804 SKULE			
240 SKULE	19.178	18.730	19.451
241 ATO	2.448	2.617	2.856
242 Kulturskule	1.433	1.515	1.445
Sum grp. Ansvar: 804 SKULE	23.059	22.862	23.752
Grp. Ansvar: 805 PLO			
270 PLEIE OG OMSORGSEKSJONEN	2.504	2.210	2.298
271 Gruppe 1 PLO	13.950	13.888	13.641
272 Gruppe2 PLO	5.373	5.244	5.416
Sum grp. Ansvar: 805 PLO	21.827	21.342	21.355
Grp. Ansvar: 806 TEKNISK			
300 TEKNISK SJEF	987	1.097	1.239
310 PLANAVDELING	1.934	1.883	1.890
311 BYGGESAK	685	534	503
312 JORDBRUK	1.339	1.108	1.206
313 OPPMÅLING OG KALKING	467	493	449
330 EIGEDOMSFORVALTER	11.134	11.145	11.588
331 KOMMUNALTEKNISK	2.982	3.192	3.615
Sum grp. Ansvar: 806 TEKNISK	19.528	19.452	20.490
Grp. Ansvar: 807 FINANS			
1 FINANS	-102.224	-115.137	-121.386

Kommentarar frå seksjonane m.v.



DEN NORSKE KYRKJA
Forsand kyrkjelyd

33

Kommunehuset
4110 FORSAND
Tlf: 51700170
Faks: 51700006

Økonomileiar Ellen K Hagen

Forsand 22.08.2011
Vår sakshandsamar: Siv Fossan
Vår ref.: 11/00016-001
Arkivkode: 11

Budsjett 2012 - økonomiplan 2012-2015

Tilskot frå kommunen i 2011 er kr. 2.277.000.

Etter påslag på løn og prisauke blir tilskotsramma på kr. 2.339.000

Til økonomiplanen foreslår soknerådet å ta utbygging av kyrkja inn i investeringsbudsjettet. Grunngeving for dette går fram av brevet som ligg ved.

Venleg helsing


Siv Fossan
Fung. kyrkjeverge



Rådmann/økonomileiar

Forsand 15.08.2011
Vår sakshandsamar: Siv Fossan
Vår ref.: 11/00007-012
Arkivkode: 411

Forsand kyrkje - for liten?

Me har ei fin kyrkje, bygd i 1854. Med sitt høge tårn har ho raga over Forsandbygda i 157 år, ein stad som har romma forkynning, glade dagar og tunge dagar. I løpet av alle desse åra har kyrkjelydsarbeid og gudstenesteliv endra seg. Noko har ein endra på bygningsmessig og. Prøvd å få med bygget på endringane i tida. Dette har me lukkast med i noko grad, men me ser meir og meir at fleire oppgaver kyrkja har ikkje er gode å løysa.

I fleire år har det vore eit sterkt ynskje om eit tilbygg til kyrkja. I fjor tok soknerådet tak i dette, og sette ned ein komite som skulle arbeida med utbygging ut frå desse punkta:

- A. Trusopplæringsreforma – behov for undervisningsrom
- B. rømningsvei frå galleriet
- C. samlingsrom for kyrkjekaffi/øvingsrom
- D. toalett
- E. samtalerom

A: Trusopplæringsreforma

I juni 2003 vedtok stortinget trusopplæringsreforma. Vedtaket hadde sin bakgrunn i eit meir enn 30-årig kyrkjelig- pedagogisk reformarbeid, som starta etter at stortinget slo fast at skulen si kristendomsundervisning ikkje lenger kunne kallast kyrkja si dåpsundervisning, og at kyrkja sjølv har ansvaret for å gi dåpsundervisning. Reforma tar i vare både opplæring innanfor den norske kyrkja, men sikrar og rettane til opplæring innan andre livsyns og trussamfunn. I åra etter dette har ein hatt ein hatt ein innleiande prosjektperiode som leia fram mot "plan for trusopplæring" som blei vedtatt av kyrkjemøte i 2010. For Forsand betyr at ca 300-350 barn og unge skal ha eit trusopplæringstilbod på 315 timer i alderen mellom 0 og 18 år.

Plan for trusopplæring i Den norske kyrkja har som føremål å medverke til ei systematisk og samanhengande trusopplæring som

- vekker og styrker kristen tru
- gir kjennskap til den treeinige Gud
- medverkar til kristen livstolking og livsmeistring
- utfordrar til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv for alle døypte i alderen 0–18 år, uavhengig av funksjonsevne.

Dette er jo i all hovudsak ei "innhaldsopplæring" som ein kan seia ikkje har så mykje med bygg å gjera, men faktisk så har den det. Når ein ønskjer ei gudsteneste for alle, der søndagskule for ulike aldersgrupper er inkludert, handlar dette i største grad om bygg. I dag har me to søndagskulegrupper. Den minste held til på i rommet oppe på galleriet. Dette er ikkje et rom alle kan nå. Trappa opp gjer at det ikkje er tilrettelagt for rullestolbrukarar. Det er og eit lite rom som gjer at det blir "luftmangel" når det er fullt. Andre gruppa har si undervisning i "kyrkjestova", som er i bårhuset. Her må borna ut av kyrkja, og rommet er lite. Når det gjeld pedagogisk opplegg og undervisning ønskjer ein å leggja meir opp til undervisning gjennom aktivitet, noko som er vanskeleg i begge desse romma.

I ulike aldrar innbyr kyrkja til arr. så som utdeling av fireårsbok, barnebibel, "Lys Vaken" med overnatting i kyrkja for 10 og 11 åringar, for å nemne nokon. Her ønskjer ein tilleggsrom til kyrkja som kunne vore meir tenelege i forhold til aktivitet, matsservering og liknande.

Ein viktig del i trusopplæringa er å bruka musikk. Sjølv sagt er kyrkjeorgel og flygel sentrale her, men ein ønskjer òg å bruka andre instrument. Dette krev lagerrom.

Trusopplæringsreforma vil og medføre nye aktivitetar til aldersgrupper det i dag ikkje er tilbod for. Dette og auka og varierte tilbod i kurs ol vil krevja andre typar rom en det ein har i dag.

B: Rømningsveg frå galleriet

Oppe på galleriet kan ein få til ca 120 sitjeplasser når ein set opp ekstra stolar. Når alle desse skal ned to smale trapper er dette svært utilfredstillande. Ein søker sjølv sagt å redusere risikoen her ved å ha ekstra vakter, og tenke bevisst på at det skal vere fri veg til trappa, men uansett er store arrangement krevande. Det hender at ein ikkje har plass til alle, slik at ein må be folk stå ute.

C: Samlingsrom for kyrkjekaffi/øvingsrom

Soknerådet ønskjer kyrkja skal vera ein møteplass, der det er hovudvekt på forkynning og undervisning, men der dei sosiale relasjonane har gode veksttilhøve. Etter dei fleste gudstenestane gjennom året har ein kyrkjekaffi. Det kan bli ganske trengt når kaffien blir servert i midtgangen av kyrkja. Det er heller ikkje noko gunstig i forhold til rullestolbrukarar eller til dei som har med barnevogn. Her skulle me hatt eit "samlingsstorg" med meir plass.

I forhold til øving med musikarar/sangarar som skal vere med på gudstenesta, anten det er barn eller vaksne, har organisten behov for å øva med desse. Det er mykje å varma opp heile kyrkja til dette, så øvingsrom hadde vore ønskjeleg. I staden for at organisten har øvingar i andre lokale og ta dei med i kyrkja for framføring, kunne både øving og framføring vore i kyrkja. Dette hadde gjort at fleire hadde fått ei tilknytning til kyrkja si. Det vil òg vera behov for lagerrom for instrument, noter osv.

I kyrkjelydsarbeidet ser ein behov for rom der ein kan samla folk utanom kyrkjerommet, men i tilknytning til kyrkja.

D: Toalett

Det hadde vore mykje meir tenleg om ein ikkje måtte gå ut av kyrkja for å koma på toalettet. Det er ikkje godt å ha det slik.

E: Samtalerom/kontor

Ein bør og ha eigna rom for samtale i forbindelse med vigsel, gravferd eller sjelesorg. No bruker ein prestesakrestiet som er lite eigna. Det kunne òg vore teneleg å hatt kontorplass med kopimaskin osv til bruk i gudstenestearbeidet.

= Sant

Soknerådet ser at svaret på spørsmålet: Forsand kyrkje, for liten? = sant
Kyrkjerommet er sjeldan for lite, men kyrkja inneheld ikkje alle dei "hjelperomma" ein treng for å drive kyrkjelydsarbeid i dag. Soknerådet ser at dette er så sant at det er lurt å byrja prosessen for å få dette til. Komiteen som blei nedsett i april 2010 har vore på synfaring i ei rekke kyrkjer. Mange gamle kyrkjer har fått til utbygg som har gjort bygga tenelege for kyrkjelydsarbeid i ei ny tid. Dette har ført fram til at soknerådet har omdisponert pengar på budsjettet i 2011 (sparte lønsmidlar) for å laga eit forprosjekt. Asplan Viak er engasjert for å ta på seg dette arbeidet. Det vil bli fullført innan 15.11.2011.

Økonomi

Sjølv sagt vil dette kosta pengar. Det er soknet som eig kyrkja, men etter kyrkelova er det kommunane som står for finansieringa. For å få til dette er me avhengig av å få kommunen med på dette. Etter å ha blitt informert om kva liknande bygg har kosta, ser ein at det kan vera mulig å få opp eit bygg til 5 mill + mva. Av dei vil soknerådet ta 1 mill. i form av dugnad og innsamling. Ein ber derfor rådmann om å setje av resterande beløp kr 4 mill + mva.

Me ønskjer kr. 300.000 (inkl mva) på investeringsbudsjettet for 2012 til planlegging, og 4,7 mill (inkl mva) avsett til utbygging i 2013.

Det er òg mogleg for kyrkja å ta opp lån sjølve, men då må kommunen leggja inn ein periode med auka betaling til renter og avdrag. Utbygginga låg inne i kyrkja sitt langtidsbudsjet for 2014, men er nå framskunda med byggeoppstart i 2013, pga auka behov.


Venleg helsing



Siv Fossan
Fung. kyrkjeverge

Vedlegg: Arbeidsskisse

Her er ei arbeidsskisse som syner korleis ein kan løyse utbyggingsbehova. Det er "faste" bygg ut mot vegen, bygd saman med kyrkja med glassoverbygg. Ferdige skisser vil koma når forprosjektet er ferdig.



ROGALAND KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IS

Forsand kommune
Rådmannen / økonomisjef
Kommunehuset
4110 Forsand

Sandnes, 06.09.2011

Deres ref:
Saksbehandler

Vår ref: 200800090-18
Arkiv: E: 151


Budsjett for kontroll og tilsyn 2012 - kontrollutvalet sitt forslag

Vedlagt følger kontrollutvalet si behandling av budsjettforslag for kontroll og tilsyn 2012.

Saka blei behandla på kontrollutvalet sitt møte den 30. august 2011.

Me gjer merksam på at kontrollutvalet sitt budsjettforslag i medhald av brev frå KRD berre kan endrast politisk, og skal i følgje føreskrifta vere kjend for kommunestyret ved behandlinga av samla budsjett.

Med helsing



Vigdis Rosnes
1. konsulent

Vedlegg: Saksprotokoll
Saksinnstilling
Budsjettforslag

SAKSPROTOKOLL

Arkivsak 200800090
Arkivkode E: 151
Saksbehandler per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
Kontrollutvalet i Forsand	30.08.11	22/11

BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2012 - KONTROLLUTVALET SITT FORSLAG

Kontrollutvalet i Forsand 30.08.11 22/11 Budsjett for kontroll og tilsyn 2012 - kontrollutvalet sitt forslag

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tilrår eit samla budsjett på kr 705.000,- inkl. mva for kontroll og tilsyn for 2012

Sandnes, 06.09.2011

Rett utskrift:

Vigdís Rosnes

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800090
Arkivkode : E: 151
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 30.08.2011	Utvallssaksnr. 22 /2011
--	-------------------------------	-----------------------------------

**BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2012 – KONTROLL-
UTVALET SITT FORSLAG**

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har et lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsyns- arbeidet i kommunen. Da kontrollutvalet berre er underlagt kommunestyret, skal kontroll- utvalet sitt budsjettvedtak i medhald til føreskrifta leggjast fram for kommunestyret i samanheng med at kommunens samla budsjett for 2012 skal vedtas.

Budsjettet skal omfatte alle utgifter knytt til kontrollutvalets arbeid. Kontrollutvalet vert difor å sjå på som ei "avdeling" med budsjettansvar for eige budsjett. Dette inneber også et ansvar for rekneskap og rekneskapsoppfølging.

Saksutredning:

Føreskrifta pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar difor lovpålagte oppgåver.

Budsjettforslaget er delt inn i 3 hovudpunkt; utgifter til kjøp av tenester frå revisjonen, utgifter til kjøp av tenester frå sekretariat, samt andre utgifter til kontrollutvalet (møtegodtgjering, kurs-/opplæring m.m.).

Revisors budsjettforslag:

Forsand kommune er medeigar i og kjøper sine revisjonstenester frå det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon IKS. Sekretariatet har mottatt forslag til budsjett frå revisor, styrebehandla 25. august 2011. Budsjettforslaget i et IKS skal også behandlast i representant- skapet, og vert behandla her i møtet 05. oktober 2011.

Revisors budsjett omfattar i grove trekk utgifter til vanlig regnskapsrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i medhald til planer vedtatt av kommunestyret, samt oppmøte i kontrollutvalet. Det vises til eige vedlegg frå revisor for oversikt over kva som er forventa brukt til de forskjellige føremåla.

Revisor har i sitt budsjettforslag ikkje endra på timetalen. Men timeprisen er auka. Revisor sitt budsjett vert auka med 3,84 % i høve til i fjor.

Sekretariatets budsjettforslag:

Forsand komme er medeigar i det interkommunale § 27-samarbeidet Rogaland Kontroll- utvalgssekretariat IS, og kjøper administrasjonstenester for kontrollutvalet herfrå. Sekretariatet sitt budsjett med fordeling av grunnbeløp til kommunane ble godkjent av styret

den 26. august 2011. Grunnbeløpet for 2012 vert auka med kr 4.000,- som utgjer ei auke på 4,3 %. Endelig avregning foretas iht. vedtektene når rekneskapen er vedteken. Her vart kommunen i 2011 tilbakebetalt kr. 16.000,- (del av rekneskapsoverskot for 2010).

Det er inga ekstrautgifter ut over grunnbeløpet ved ordinær møteverksemd.

Andre utgifter knytt til kontrollutvalet

Andre utgifter knytt til kontrollutvalet er redusert med om lag kr 8.500,-. Då er det auka litt på posten godtgjersle politikarar, medan posten kjøp konsulenttenester er redusert noko.

Kontrollutvalet sitt samla budsjettforslag

Det vert lagd fram eit samla budsjettforslag for kontroll og tilsyn gruppert på de kontoarter som er nytta i kommunens budsjett, sjå vedlegg. Det er dette føreskrifta legger opp til når det, som nemnt innleiingsvis, kontrollutvalet vert pålagd å *utarbeide forslag til budsjett for kontrollutvalet og revisjonen sin samla verksemd.*


Kontrollutvalet sitt budsjettforslag for 2012 er dermed på kr 705.000, som er ein auke i høve til 2011 på 1,6 %. Dette er noko lågare enn vanleg lønns- og prisstigning.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tilrår eit samla budsjett på kr. 705.000 inkl. mva for kontroll- og tilsyn for 2011.

SANDNES, 19.08.2011


Per Kåre Vatland
Rådgivar

Vedlegg:

1. Budsjettoversikt



Kontrollutvalet i Forsand

Arkivkode: E: 151
Saksnr. : 200800090**Forslag til budsjett for kontroll og tilsyn 2012**

Ansvar 1 - Teneste 1002	Vedtatt kst bud. 2012	Budsjett 2012	Budsjett 2011	Regnskap 2010
Budsjettforslag 2011				
Godtgjersle politikarar mm.		57 000	55 500	5 050
Tappt arbeidsforteneste				1 589
Arbeidsgjevaravgift		8 000	7 800	936
Kurs og oppl�ring		15 000	15 000	1 300
Reiseutgifter mm.		10 600	10 650	230
Kontingentar		1 000	1 000	
Kj�p konsulenttenester m.m.		40 000	50 000	
Andre utgifter kontrollutvalet	0	131 600	139 950	9 105
Kontrollutvalssekretariatet		96 000	92 000	82 750
Kj�p tenester fr� revisjonen		354 375	341 250	331 175
Mva		123 025	120 800	103 619
Budsjettframme	0	705 000	694 000	526 649
Budsjettauke i %			1,6 %	



Forsand kommune

Serviceforlaget

45

Saksbeh
Nancy Kjærvoll

Ref.
11/398-4

Arkivkode
/K1-150

Dato:
12.08.2011

Budsjett 2012 - serviceforlaget

Rammer jfr rådmannen sitt rundskriv:

Løn og driftsutgifter i 2011 justert med vedtekne prosentsetningar;

Løn : 1.912.000,- auka med 4% =	Kr. 1.988.000,-
Driftsutg. 744,- x 2%	= kr. 759.000,-
	= kr. 2.747.000,-
- Inntekter justert med 2%	= kr. 345.000,-
Ramme for 2012	= kr. 2.402.000,-

Nettobudsjett for serviceforlaget = kr. 2.355.000,- - redusert med kr. 47.000,-

1010 Lønn: Bygg på tal frå aug.2011
Usikkert då bemanningssituasjonen er svært uavklart.

1026 Vikar

Vikar blir nytta for at vi alltid skal vera 2 på jobb. Som i 2011.

1100 Kontorrekvisita: Beløpet er halvert. Dette skuldast først og fremst innkjøpsavtale, samt bevisst bruk av dei store kopimaskinane som "printere".

1129 Div. varekjøp

Her blei det inneverande føreteke ei 3 års leasingkontrakt av ny kaffimaskin til dei tilsette.
Leige ca kr. 13.000,- og forbruk ca kr. 5000,- pr. år.

1130 Telefonutgifter Reduserte utgifter først og fremst fordi seksjonane nå betalar sine egne kostnader. Vi betalar drift av sentralbord med linjer.

1150 Kursutgifter

Her syner det seg at vi har underbudsjettet. Auka med 10.000,-.

1196 Lisens/ vedlikehald dataprogram;

Sett i 0 - overført til sentral IT .

1200 Kjøp og leige av maskinar

Leige av kopimaskinar og frankeringsmaskin, samt kjøp av utstyr.
Auka med 50.000 – då det er for lågt inneverande år.

Inntekter;

(redusert då ein ikkje kjenner til forventta fødselspermisjonar og heller ikkje forventar sjukemeldingar)

- sal av rekvisita i serviceforlaget samt inntekter frå InfoLand.
- Bygdebøker som vi og sel, blir inntektsført der "dei er kjøpte".



Forsand kommune

Rådmannen

Saksbeh
Audun Grødem

Ref.
11/398-6

Arkivkode
/K1-150

Dato:
17.08.2011

Budsjett 2012 - Ansvarsområde 105 og 120

Ansvar 105:

Teneste 1200: Rådmannskontoret

Aktiviteten på området er i hovudsak samsvarande med fjoråret.

Budsjettet er sett opp i samsvar med fjorårsbudsjettet med justerte tal for løns- og prisstigning.

Teneste 1206: Sentral EDB

Drift:

Aktiviteten på området er planlagt auka neste år. Det er planar om oppgradering av Office programma til 2010-modell. Det kan då vere tale om leasing av programma i staden for kjøp. Uansett vil det kome ekstra kostnader neste år enten på driftsbudsjettet eller på investeringsbudsjettet. Fordelane med å velje leasing vil vere både at kostnadane vert fordelt over fleire år og at kommunen til ei kvar tid vil ha tilgang til siste versjon

Kostnader til kjøp av IT-tenester er reduserte litt i samsvar med at ny avtale er inngått.

Det er lagt inn auka kostnader til lisensar. E-kommune løysingar har mellom anna medført auka kostnader her.

Investering:

Det er tid for 5-års oppgradering av fleire serverar neste år. Dette er vurdert mulig å dekke innafor den investeringsramma som me har hatt siste året. Det er difor ikkje sett opp auke i investeringsbudsjettet

Teneste 2423: Skjenkekontroll

Aktiviteten på området er gått ned dei siste åra når det gjeld talet på løyve – både faste og for enkle høve. Kostnadane til skjenkekontroll er likevel i hovudsak lik og følgjer prisutviklinga. Dette har som konsekvens at kostnadane aukar og inntektene minkar. I sum har budsjettet ei netto utgift på kr 70 000.

Teneste 2331: Næringsmiddeltilsyn

Budsjettet er redusert noko på bakgrunn av erfaringstal.

Ansvar 120:

Teneste 1802: Eldrerådet

Budsjettet er sett opp i samsvar med årets budsjett. Utgiftene er i hovudsak knytta til arrangement på eldredagen 1. oktober.

Audun Grødem
organisasjonssjef



Forsand kommune

Seksjon kultur

Saksbeh
Åshild Hus

Ref.
11/398-9

Arkivkode
/K1-150

Dato:
22.08.2011

Budsjettkommentar Kultur 2012

Nettodriftsramme på 3 522 vil dekkje ordinær drift som før.
Det er fleire tiltak som skulle vore prioritert framover, men som krev friske midlar.
Tiltaka er beskrive nedanfor og med forslag til prioriteringar for 2012 og 2013.

Tiltak som krev friske midlar:

Tjeneste: 2310 AKTIVITETSTILBUD BARN OG UNGE

Ynskjer: Auke i stilling frå 30 – 50 % (prioritet i 2012)

Kommentar:

Stillingen som fritidskontakt for barn og unge utgjør per i dag ein 30% stilling. Stillingen er det siste året også blitt tillagt rolla som SLT koordinator, då ein ser at dette er oppgåver som er tett knytta saman. 30% stillingsressurs er for lite for å drive fritidsklubb, andre kulturelle aktivitetar for ungdom samt drive eit aktivt SLT arbeid, forebygging av rus og kriminalitet.

Rolla som SLT koordinator inneberer mellom anna månadlige møter i den regionale gruppa, å holde seg kontinuerlig oppdatert på kva som skjer lokalt og nasjonalt, samarbeid på tvers med dei andre seksjonane, politi osv. Arbeidet bør også munne ut i konkrete tiltak som Fritidskontakten bør ha stillingsressurs til å kunne gjennomføre.

Det ble i haust søkt om prosjektmidlar frå KRÅD for å dekke ein 20% stilling som skulle jobbe for å betre samordninga mellom etatlige og frivillige lag og org som jobbar retta mot barn og unge. KRÅD har innvilga 20 000 i prosjektmidlar øymerka kompetanseheving av kommunalt tilsette. I ei bygd av vår størrelsesorden har vi eit potensiale i forhold til å kunne bli betre også på den frivillige arenaen og at det burde vært muligheter for å kunne utnytte lokale ressursar i samarbeid med de offentlige på ein betre måte.

Vi ser at det er mange og viktige oppgåver som vi pr i dag ikkje klarar å ta tak i.
SLT-koordinator og Fritidskontakt for barn og unge bør såleis utgjøre en stilling på 50%.

Tjeneste: 3601 FRILUFTSOMRÅDE

Ynskje: Prosjekt i 2012 - 100 000 kr

Nytt tiltak: Ny nasjonal standard for merking og gradering av turstiar.

Innovasjon Noreg har tatt initiativ til å innføre ein Nasjonal standard for merking og gradering av turstiar, stiane vert graderte etter fire nivå; grøn, blå, rød og svart løype.

Prosjektet har i seg både eit folkehelse perspektiv, samt å gjere destinasjonane meir attraktive for turistane som er interesserte i friluftsliv/vandring. Målet er å:

- Legge til rette for gode natur opplevingar for alle
- Hjelpe brukarane til å velje hensiktsmessige turar ut ifrå egne føresetnader (viktig for gleda ved turen!)
- Leggje til rette for styrt ferdsel i nærområda til destinasjonane (vern, miljø, lokale omsyn)
- Godt planleggingsverktøy for å sikre eit nettverk av varierte stiar som ledd i å styrke attraktiviteten til en destinasjon eller et naturområde

Ein kan søkje om støtte frå Fylkeskommunen og Gjensidige for å merke og marknadsføre stiar etter ein nasjonal standard. Ein del krav skal vera i boks før ein kan søkja bl.a grunneigaravtalar, at merking blir gjort i samsvar med den norske turistforening si merkehandbok m.m.

Forsand og Strand kulturkontor har gjennom tidlegare politisk dokument om kultursamarbeid sett på områder kor det kan lønna seg å samarbeide. Ein foreslår at ein her har eit felles prosjekt for merking og gradering og ein egen ressurs som arbeider med dette for dei to kommunane i ein periode.

Økonomi;
Strand og Forsand kommune skyt inn kr 100.000 kvar = kr 200.000

Kvar kommune søker Gjensidigestiftelsen om kr 100.000 = " 200.000

Me vil også kunne søkje Fylkeskommunen om midlar, og evt Smil midlar.

Med desse midlane kan ein bli finansiere ei prosjektstilling som skal tilrettelegga turområda i Strand og Forsand. Her vil me få løfta infrastrukturen, skilt, infotavler, løypenett og arbeid ute i terrenget.

Tjeneste: 3650 KULTURMINNEVERN

Ynskje: Prosjekt 2013 - 100 000 kr

Kulturminneplan - finnest ikkje i Forsand. Sefrak registrering bør oppdaterast og utvidast.

Kan få støtte frå Riksantikvaren på inntil 100 000 kr pr år for slikt arbeid.

Forsand og Strand kulturkontor har gjennom tidlegare politisk dokument om kultursamarbeid sett på områder kor det kan lønna seg å samarbeide. Ein ser at her kan ein med fordel utnytta ein felles ressurs som kan ta på seg, i første omgang, ein gjennomgang av kva som er registrert og gjere nye registreringar. Dette arbeidet kan så i neste omgang vere bakteppe for ein egen kulturminneplan, som me pr i dag ikkje har i Forsand.

Økonomi

100.000 pr kommune (Strand og Forsand) - 200.000

100.000 fra Riksantikvaren pr kommune - 200.000

Ein vil også søkje Fylkeskommunale midlar.

Tjeneste: 3750 MUSEUMSTENESTER

Sum: 30 000 kr (2013?)

Nye tiltak: Ryfylkemuseet ynskjer eit fast årleg bidrag frå Forsand Kommune. Det er ikkje bedt om ein konkret sum. For 2011 vart det bedt om 87 000 kr, dette vart ikkje innvilga frå kommunen si side.

Åshild Hus
Kulturleiar



Forsand kommune

Seksjon helse og sosial

Saksbeh
Elsa Løland

Ref.
11/398-11

Arkivkode
/K1-150

Dato:
25.08.2011

Budsjett helse- og sosial 2012

Helse- og sosial har 6 ulike tenesteområder, som alle må sjåast på individuelt. Det er ulike fagområde, men i den grad vi kan samhandle og utnytte ressursane på tvers, blir dette gjort. Fleire av tenestane ligg på omtrent same nivå som for 2011.

Teneste2344. Avdeling for funksjonshemma.

Etter me fekk 2 fagstillingar i barnevernet, har den ½ stillinga som sekretær blitt nytta i 2 svangerskapsvikariat i NAV. Nå vil dei som eig stillingane vera på plass frå januar 2012. Det er eit stort behov for den halve sekretærstillinga på avdeling for funksjonshemma. Pr i dag "låner" vi sekretæren på Forsandheimen 1 dag i veka. For leiaren går det med mykje tid til prosjektet som har komme på toppen i den 80% stillinga ho går i. I tillegg er det fleire brukarar av dei ulike tenestene, og leiar samarbeidar med psykisk helse om aktivitetstiltak for denne brukargruppa. Ved mangel på vikar, har også ho tatt vakter i prosjektet. Noko ho ser på som nyttig for betre innblikk i kvardagen til brukar.

Vedkommande som har sekretærstillinga, vil ha rett på 100% stilling i kommunen, og avdeling for funksjonshemma har sterkt behov for utvida administrative ressursar. **Den ½ sekretærstillinga ca kr.300.000 er det ikkje rom for innafor ramma, og krev derfor tilleggssressursar.**

Med utgangspunkt i dagens situasjon og vikarbehov, er det for lite på budsjettet til vikarar ved sjukdom/fri/feriar i prosjektet rundt enkeltbrukar (basert på rekneskap pr.30.06.2010).

Utløyser overtid, når ein ikkje klarer å skaffe nok vikarar. Utviding av vikarbase blir det imidlertid jobba med kontinuerlig for å unngå mest muleg overtidsbruk.

Nye tiltak som t.d ny brukar med behov for miljøarbeidarteneste, er det ikkje tatt høgd for i budsjettet.

Teneste 2440, 2510 og 2520: Barnevern.

Budsjettet baserer seg på eksisterande barnevernstiltak som er vedtekne, men gir ikkje rom for nye tiltak. Advokatutgifter vil truleg og bli høgare enn budsjettet. Foreldre som er fråtatt omsorga for barn, kan krevje sakene opp på ny kvart 2. år, og medfører advokatutgifter.

Teneste 2535: Avlastning

Her aukar behovet. Ungane blir større og meir krevjande for familiane. Dette medfører utvida behov for avlastning. Veit at for eit av barna vil det bli søkt om utvida avlastning. Det trengs ekstra ressursar for å kunne gi utvida tilbud. I 2009, blei leiar for ATO+avlastning redusert frå 80% til 60%. Nåverande leiar har ved fleire høve tatt opp at arbeidssituasjonen er utilfredstillande. Det trengs å ha 80% i forhold til å vera leiar på 2 bygg med helgastillingar i tillegg, samt mange tilsette i småstillingar, med turnusarbeid osv. Det krevs mykje administrering. Desse kostnadane må derfor komme med i budsjettet ca kr.100.000.

Teneste 2410: Legekantoret

Her ligg inne ny 80% stilling som lege + utviding med 20% sjukepleiarstilling på permanent basis. Umulig med bare ein sjukepleiar på fredagar, har løyst dette med ringevikarar så langt i 2011.

Elsa Løland
seksjonsleiar helse og sosial

Kommentar til budsjettforslag for barnehagen:

Ramme for barnehagen 9.734

For å holde ramma har barnehagen sett av svært lite ressursar til vikarar. Det er sett av 220.000 kr til vikarar i budsjettforslaget. Med ca 20 årsverk er det svært lite. Konsekvensane er at barnehagen går med lågare bemanning ved sjukefråvær, feriar osv. Dette er noko som både går ut over tilbodet til barn og føresette, og berører dei tilsette, som får ein meir belastande kvardag, når det ikkje blir brukt vikar.

Tillegg utover ramma: 100.000 kroner til økte vikarutgifter.

Varekjøp og diverse driftsutgifter er og svært låge, 100.000 kr til saman. Barnehagen ønskjer å halde utstyr og inventar ved like, til dømes bytte ut øydelagde stolar, sykklar osv, dette er det ikkje rom til innanfor budsjettforslaget slik det er no.

Tillegg utover ramma: 50.000 kr for å kunne fornye inventar og utstyr i barnehagen.

Synnøve Alveskjær Lerang
seksjonsleiar barnehage



Forsand kommune

Seksjon skule

Saksbeh
Ingunn Varhaug

Ref.
11/398-10

Arkivkode
/K1-150

Dato:
23.08.2011

BUDSJETT 2012

MERKNADER TIL BUDSJETTET – 2012 – FORSAND SKULE

Skulen har ei ramme på kr 23.752 (tall i 1.000 kr). Budsjettet er levert med likelydande beløp.

Teneste 2020 Skulen

Løn

Skulen har ca 50% av ei lærarstilling i vakans. Det hadde me også i fjor (august og ut året). Innsparing i forhold til førre budsjettår er ca 300.000 for månadene januar til august.

Me har også ca 70% av ei Barne- og ungdomsarbeidarstilling i vakans. Det hadde me også førre året, så det slår ikkje ut i budsjettala våre.

Valfag vert innført i ungdomsskulen (8. klasse) frå august 2012. Elevane skal kunna velja frå 8 ulike fag. Kor mange av desse faga ein liten skule som Forsand må tilby, er ennå usikkert. Det er i det heile for mange usikre moment i saka til at me kan rekna ut kostnadene. Skulen ber om å få fremja eiga sak til kommunestyret når fleire fakta er på bordet.

Art 1450

Mange av våre elevar treng ekstra tilrettelegging. Skulen greier å leggja til rette for mykje i den ordinære undervisninga. Ein del elevar har likevel sakkunnig tilråding og enkeltvedtak på spesialundervisning. Dette gjeld også fire av våre elevar som bur i andre kommunar. Me må betala opplæringa deira (grunnbeløp samt spesialundervisning som kan vera både pedagog- og barne- og ungdomsarbeidartimar). Det må me gjera heilt til dei er ferdige med 10. klasse. Utgiftene har auka frå i fjor. Både er grunnbeløpet litt større, men framfor alt har timetalet til spesialundervisning auka. Auken skjer pga at kommunane har dårlegare ordinær grunnbemanning og må ha ekstra ressursar for å gi god nok opplæring.

I år ser det likevel ut til at me greier å dekkja utgiftene innanfor ramma. Det er fordi nokre av våre utgifter til spesialundervisning/spesielle tiltak vil falla bort hausten 2012.

Art 1370

Me kjøper færre tenester til spesialundervisning frå Gøysa gard: Innsparing ca kr 60.000.

Andre driftsutgifter

1120 Personalseminar

På grunn av skuleutviklingsprosjekt i klasseleiing har me ikkje planleggingsdagar att å reisa på personalseminar. Kutt i budsjettet på kr 70.000.

Teneste 2311 Kulturskulen

Det er kutta litt i midlane til kulturskulen i år. Innsparing 70.000. Noko mindre til utskifting av instrument.

Teneste 2230 Skyss skulebarn

Reduksjon i skyssutgifter pga elev med spesialtransport sluttar. Innsparing kr 65.000.

Teneste 2025 ATO:

Vil få auka utgifter hausten 2012 grunna fleire elevar. Auka beløp som er sett av er kr 445.000. og er teke med innanfor ramma. (BUA kr 343.000, spesialundervisning kr 102.000)

Skulen, 22.08.11
Ingunn Varhaug
Seksjonsleiar skule

Ingunn Varhaug
Leiar seksjon skule



Forsand kommune

Seksjon pleie og omsorg

Saksbeh
Grete Strømsmo

Ref.
11/398-3

Arkivkode
/K1-150

Dato:
29.07.2011

Budsjettnotat for pleie- og omsorgsseksjonen 2012

Budsjett 2012, generelt:

Som tidligere år er budsjett bygd opp etter teneste og avdeling. Dei økonomiske og personellmessige ressursar er komplisert å fordele riktig i ei slik lita verksemd som pleie- og omsorgsseksjonen (PLO).

Frå tidligere år har PLO hatt store budsjettreduksjonar:

- For 2009 ble ramma redusert med 1,5 mill, og vi kom ut det året med eit overforbruk på vel 116 000 kr.
- For 2010 blei resultatet eit underforbruk på 1 551 036 kr. Nettoramma var på 21 684 000 kr.
- For 2011 har seksjonen fått ei nettoramme på 22 600 000 kr, men her må det nedjusterast med ca 1,2 mill opphøyr av kjøp av tenestar.

Ramma for 2012 er på 21 354 000 kr, då er det tatt inn nedjustering på ca 1,8 mill, jfr 2011 opphøyr kjøp av teneste.

Det er framleis litt krevjande med å få "kabalen til å gå opp" med tanke på dei overtallige vi fekk då einskildbrukar fekk konsulentteneste.

Det er bla vel 1 årsverk som vi må forsøke å nytte til både vikar og aktivitetar. Vi tar sikte på å få til førebyggjande tiltak for dei over 75 år som skal vera eit supplement til aktivitetssenteret. Her har ergoterapeuten ei viktig rolle i bla balansestrening som har vist seg å vera viktig som førebygging av fall.

Belegget i institusjonen har vore litt varierende i 2011; dvs at vi har til tider nytta kapasiteten maksimalt i periodar.

For institusjonstenesta gr 1 og gr 2 , samt heimesjukepleien er det fordelt nattevaktstenesta med 1,18 åv på kvar.

TENESTE 2531, INSTITUSJON AVDELING 1

Plassar	Årsverk	Lønsutgiftar	Nettobudsjett
7	6,23*(+1,5)	6 246 000	6 357 000

* inkluderer 0,5 åv reinhald og 1 åv plo-leiar.

Avdelinga yter tenestar til i all hovudsak pasientar med somatisk sjukdom. Det er her dei fleste med behov for korttids-/rehabiliterings-/avlastningsopphald får sitt tilbod.

TENESTE 2540, HEIMESJUKEPLEIE

Ca brukarar	Årsverk	Lønsutgiftar	Nettobudsjett
30	6,71*(+0,5)	4 644 000	4 829 000

Heimesjukepleien gjer tenestar til dei som bur i omsorgsbustad og ”ute på bygda”.

*0,5 år er sekretærstilling i plo

TENESTE 2541. HEIMEHJELP/PRAKTISK BISTAND

Ca brukarar	Årsverk	Lønsutgiftar	Nettobudsjett
Ca 25	3,78	2 466 000	2 455 000

Praktisk bistand/heimehjelp er hjelp til innkjøp av mat, reinhald i heimen samt meir omfattande tenestar som personlig stell som ikkje kjem inn under heimesjukepleien.

TENESTE 2531, INSTITUSJON AVDELING 2

Plassar	Årsverk	Lønsutgiftar	Nettobudsjett
7	6,96 *(+0,5)	5 455 000	5 415 500

Institusjonsavdelinga er eit skjerna heildøgnsstilbod til personar med aldersdemens.

*er 0,5 år reinhald.

TENESTE 2430 VASKERI

	Årsverk	Lønsutgiftar	Nettobudsjett
	1,0	540 000	517 500

Vask av tøy til institusjon, privattøy til bebuarar, personaltøy og eit tilbod til bebuarar i omsorgsbustad.

TENESTE 2416 ERGOTERAPI

	Årsverk	Lønsutgiftar	Nettobudsjett
	0,5	278 000	334 000

Ergoterapi er i stor grad hjelpemiddelformidling, alt frå kartlegging og søknad, til utprøving. Ergoterapeut skal også vera ”på-jobben-veileidar” slik at ein får best mogleg effekt av riktig hjelpemiddel. Dette for å forhindra belastningsskadar for pleiepersonalet.

Det er lagt inn intern kostnad til teknisk seksjon som har ansvar for transportoppdrag i kommunen.

TENESTE 2632 KJØKKENET

	Årsverk	Lønsutgiftar	Nettobudsjett
Ca 40 porsjonar daglig	2,4	1 487 000	1 360 000

Kjøkkenet lagar all mat til avdelingane, samt middag til utlevering til dei som ynskjer det. Det blir laga mat for sal i kafeen, og det kan bestillast mat til arrangement og møtar.

TENESTE 2533, FOTPLEIAR

	Årsverk	Lønsutgiftar	Nettobudsjett
	0,2	90 000	86 000

Fotpleiar er svært etterspurt, og har i nokre høve lang ventetid.

2012 er det første år med samhandlingsreforma.

Det inneber at kommunane må betale 4000 kr frå første døgn pasienten er utskrivingsklar, mot 1600 kr pr døgn etter 10.dag tidligare. Kommunane må også betale 20% av kostnad på innlegging og poliklinisk behandling i sjukehus, i all hovudsak gjeld det medisinsk og kirurgisk behandling. For Forsand vil dei tall som føreligg frå Helsedirektoratet vera kr 1 135 000 for 2012 og som vert lagt inn i rammebudsjetteringa.

Behov for lokalmedisinsk senter vil etter kvart kunne visa seg å vera lønnsamt.

Frå 2016 skal kommunane ha ansvar for øyeblikkelig hjelp, det er ikkje klart kva nivå dette skal vera jfr sjukehusets funksjon. Det vises til 2 saker om interkommunalt samarbeid: "Pasienten raskt heim" og "Interkommunalt samarbeid i Ryfylke".

57

Samhandlingsreforma omhandlar mykje meir; bla at det i eit folkehelseperspektiv er viktig å førebygge helsesvikt. Det er fokus på aktivitet, røykestopp, redusere overvekt som førebyggjar diabetes, førebygge rus og psykisk sjukdom osv.

Det vil difor vera viktig at alle aldersgrupper er mest mogleg aktiv.

Tilkallingsvikarar har vore vanskelig å rekruttera, spesielt innan reinhald og vaskeri. Det gjer drifta sårbar mtp sjukdom og ferie.

Sjukefråveret i seksjonen var svært bra i 2010 med 4,0 %. Men for 2011 har vi hatt fleire langtissjukemeldte med ulike helseproblem, slik at statistikken vil bli noko heilt anna for 2011. Men målsetting om 5 % sjukefråvær er urokkelig.

Grete Strømsmo
Seksjonsleiar pleie- og omsorg

Seksjon teknisk – kommentar til driftsbudsjett 2012

Seksjon teknisk legg med dette fram forslag til driftsbudsjett 2012 i samsvar med ramma gitt av rådmannen. Forslaget er stramt og gir lite rom for anna enn å halda drifta gåande. Midlar til bruk på vedlikehald er ut frå behovet underbudsjettert. Dette går klart fram av budsjettkommentarane frå eigedom nedanfor.

Under Kommunalteknikk burde det vore avsett meir til asfaltering av kommunale vegar.

Styrking av GIS kompetanse

Frå 01.01.12 kjem det på plass stillingsressurs som GIS konsulent. Dette inneber at vi får grunnleggjande kompetanse som vil setja seksjonen i stand til å få på plass dei nye verktoya som blant anna ny plan- og bygningslov føreset. Dette gjeld digitalt planregister, plandialog m.m.

Stillingsressursen fører også til at kommunen vil kunna redusera innkjøpa av eksterne konsulenttenester, opplæring og vedlikehaldskostnader som langt på veg finansierer stillinga.

Eigedom

Kommentar til budsjett 2012

Eigedom står framfor store oppgåver med å utføra eit forsvarleg vedlikehald i kommunale bygg.

Alderen på bygga tilseier eit auka vedlikehald, noko årets budsjett ikkje gjer rom for.


Stenging av venterom Lyse og Songesand, Forsand Samfunnshus, og fleire av leikeplassane kan vere tiltak som bør vurderast.

Avtalen med Noralarm om innbrotsovervaking bør og vurderast.

			75
NORALARM	mulig innsparing	000	
LEIKEPLASSER	mulig innsparing		50 000
GRENDAHUS/VENTEROM	mulig innsparing		150 000

Med å redusere desse kostnadane vil me ha meir å bruke på "hovudbygga" våre, skulen, kulturhuset, barnehagen, adm.bygget og Forsandheimen.

Brutto forbruk for eigedom 2012 er budsjettert til 18.412.467,- kr. Som diagrammet under viser er dei fleste kostnader generert av drift av bygga. Ca 9% av bruttoforbruket kan disponerast "fritt". Desse "frie midlene" blir brukt både til vedlikehald og drift



Beløpet "frie midlar" kjem frå artane: kr.

1100 KONTORMATERIELL	15 000
1120 DIV DRIFTSUTGIFTER	352 500
1129 DIVERSE VAREKJØP	112 500
1140 ANNONSAR	10 000
1170 TRANSPORTUTGIFTER	58 000
1173 BRUK AV SKYSSBÅT	2 500
1236 FORDELT	
VEDLIKEHALD ANDRE	866 000
1237 FORDELT	
VEDLIKEHALD ANDRE	50 000
1250 MATERIALE TIL	
VEDLIKEHALD	223 000
1256 FORDELT	
VEDLIKEHALD	
MATERIALAR	27 500
1265 KJØP AV REINHALDS-	
OG VAS	10 000

Normal livssyklus på bygg er 30 år. Fleire av bygga vår er 20 år og eldre og er i ein fase med høge vedlikehaldskostnader. Inge Mundal frå Statsbygg presenterte i 2008 deira eigne tal for kostnadsutvikling vedlikehald basert på vanleg 30-års syklus.

LIVSLØPSSYKLUS VEDLIKEHOLD Kr 130/m ² /år (kr 3 900,- på 30 år)		
0 - 10 ÅR	10 - 20 ÅR	20 - 30 ÅR
12,50/m ² /år	50,-/m ² /år	327,50/m ² /år
125,-	500,-	3275,-

I artane Kostra har for vedlikehald (230 Vedlikehald, byggetenester og nybygg) har me i 2012 budsjettetert med ca 52 kr/m² (basert på 22.000 m²). Statsbygg sine tal kombinert med alder på våre bygg, tilseier mykje høgare vedlikehaldskostnader enn det som er budsjettetert..

Kulturhuset er 22 år. Fleire bustader, adm.huset og deler av skulen har allereie passert 30 år. Lågt vedlikehald går utover brukarane, og fører til store investeringar for å ta igjen manglande vedlikehald. Som me viste til i budsjettkommentarane for 2010 (kortversjon vist nedanfor) har me store investeringskostnader framfor oss om me skal oppretthalda tenestetilbodet.

Tala er utrekna med kostnader basert på Multiconsult sin rapport "Vedlikehald i frå forfall til forbilde". Rapporten er utarbeida i 2008 basert på tal frå ca 130 kommunar.

Vedlikehaldsetterslep Forsand kommune

Basert på 22.417 m². (-ikkje medtatt underordna bygg 1.617m ²)	totalt	fordelt over 15 år pr. år
<i>Nivå A (gjennomgående god eller akseptabel tilstand)</i>	98 634 800	6 575 653
<i>Nivå B (lavere nivå med enkeltkomponenter som er utilfredsstillende. Kan innebære negative konsekvenser for bygning og brukere.)</i>	65 009 300	4 333 953

NB!!

- I budsjettforslaget er det ikkje medtatt eventuelle kostnader med ny leilegheit i Bergekrossen eller midlertidig bustad på Åsen.
- Nytt toalett i Lyse (kalkingsstasjon) er heller ikkje medtatt. Skal det ferdigstillast og takast i bruk vil me få kostnader med reinhald, sanitærartiklar osv.



Forsand kommune

Seksjon teknisk

Saksbeh
Arild Skappel

Ref.
11/398-7

Arkivkode
/K1-150

Dato:
19.08.2011

BRANNVESENET BUDSJETTKOMMENTAR TIL 2012 BUDSJETTET

Materiellet til Forsand brannvesen begynner å gå ut på dato. Ting skjer på brannfronten, teknisk utstyr, med små lette førsteinnsatsbiler og motorpumper. Brannsjefen vil på det sterkeste anbefale at kommunen investerer i nytt utstyr med følgende prioritering:

- 1 Førsteinnsatsbil, Fremskutt enhet, og en innsatsbåt i 2012.
- 2 Motorpumpe i 2013.

BIL:

Brannvesenet har i dag to biler, en Mercedes tankbil og en Unimog. Unimogen fungerer som førsteinnsats / røykdykkerbil. Bilen er lite hensiktsmessig til denne bruken.

Hovedproblemet er at den går allfor sakte. Bilen er bygget for terrengkjøring og egenskapene er deretter. Dette er svært frustrerende for mannskapene, og hjelpen kommer fort flere minutter senere fram til dem som har behov for den. Unimogen bør derfor byttes ut så snart som mulig.

Dagens situasjon er normalt slik at det raskt kommer 2 – 3 personer på stasjonen, og det kommer flere etterhvert.

Det passer svært godt til en modell med såkalt *framskutt enhet*. Dette er en mindre bil utstyrt med skumaggregat eller skjærslokker, samt diverse annet utstyr.

En slik enhet vil kunne være raskt på skadested med 2-4 mannskaper, og starte førsteinnsats.

Resten av mannskapene kan da komme etter med tankbilen, og forsterke innsatsen. I tillegg drar vårt vaktlag ut på alle bekreftede bygningsbranner og trafikkulykker.

Dette gir rask livreddende førsteinnsats og stor slagkraft etter ytterligere noen minutter. I Sverige er dette en modell som har gitt svært gode resultater.

Bilen kan kjøres med førerkort B evt. C1, en ny vanlig brannbil krever C. Den koster også ca ¼ av en vanlig brannbil. (2,0 – 2,5 mill)

For å erstatte Unimogens pumpekapasitet bør det også investeres i en motorpumpe med kapasitet tilsvarende 16/8.

FORSLAG TIL INVESTERING BIL:

1 stk "Fremskutt enhet"	500 000
1 stk motorpumpe	100 000

BÅT:

For å kunne ivareta beredskap i Lysefjorden er brannvesenet avhengige av båttransport.

I dag er dette vanskelig, da vi er avhengige av tilfeldige private (uten avtale), eller rutegående båter.

Viser til Forsand kommunes ROS- analyse fra 2007 punkt 2.2.1, hvor behov for hurtiggående båt er grundig utredet.

FORSLAG TIL INVESTERING BÅT:

1 stk RIB	300 000 – 400 000
-----------	-------------------

Dette er et kort notat for å vise behov for investering, og komme med innspillet i tide til årets budsjettbehandling.

Hvis det er ønskelig kan lage en grundigere utredning av behov, samt mer konkret beskrivelse av utstyr og kostnader.

Med ovenstående **investeringer** må vi regne med litt økte driftskostnader i form av service og vedlikehold.

Da anbefaler jeg at driftsbudsjettet for brannvesenet økes med kr 50 000.- for service og vedlikehold.

NYTT FEIEANBUD

Kommunene Hjelmeland, Strand og Forsand samarbeider om å lyse ut nytt feieanbud for kommunene.

Vi må regne med at utgiftene til feiing vil øke. Det er ikke lett å få feier til vårt distrikt. Et alternativ kan være å leie inn feier fra Sør-Rogaland IKS til ca kr 400.- pr pipe. Ex mva. Altså en betydelig økning på feiebudsjetten.

Det vil bli arbeidet med andre løsninger parallelt for å komme frem til en enklere ordning.

Arild Skappel
Brannsjef